



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato  
10.04.2015  
Dykkar dato  
05.03.2015

Vår referanse  
2015/3575 421.3  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Uttale til oppstartsmelding til kommunedelplan for skule 2014 - 2018 - Lindås

Vi syner til brev mottatt 06.03.15 med frist for uttale 18.04.15. Saka gjeld uttale til oppstart av kommunedelplan for skule 2014 – 2018.

Bakgrunnen for planarbeidet er tre politiske vedtak, eitt i kommunestyret 21.03.13 om rullering av kommunedelplan skule, eitt frå formannskapet 01.09.14 om endeleg mandat og prosess for Om-stillingsprogrammet og det siste i frå vedtak om planprogram 27.11.14. Dei tre vedtaka ligg til grunn for det vidare arbeidet med kommunedelplan for skule i Lindås.

#### Fylkesmannen sine merknader

Folkhelseperspektivet bør leggjast til grunn for innhald og tiltak i skulane i Lindås. Fylkesmannen saknar til dømes mål med fokus på sunt kosthald og fysisk aktivitet i kommunedelplanen. Å fremja god fysisk helse og å førebyggja livsstilssjukdommar er nasjonale satsingsområde.

Vi saknar i tillegg informasjon om korleis kommunen vil leggje til rette for barn og ungdom med særskilte behov og med rett til tilpassa hjelp, jf. aktuelle særlover. Viktig arbeidsreiskap er individuell plan og samarbeid mellom ulike aktørar. Tilbod i fritida må leggjast til rette, ha eit breitt innhald og god tilgjengelegheit, tilpassa alle. Særlig gjeld det barn med nedsett funksjonsevne, barn og unge med diagnosar som krev tilrettelegging og flyktingbarn.

Elles tykkjer vi oppstartsmeldinga viser at planprosessen verkar godt gjennomtenkt.

Fylkesmannen ynskjer lukke til med det vidare planarbeidet!

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Arve Meidell  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*